**Tiltak i sjø som kan påverke tryggleiken eller tilflot (framkomelegheit) i eit sjøområde krev godkjenning, jamfør hamne- og farvasslova §14.**
Døme på dette er bygging, graving, mudring, utfylling, utlegging av sjøkabel, utlegging av flytebrygger, utlegging av bøyer, båtrace og liknande arrangement i strandsona eller liknande. Tiltaket kan vere enten midlertidig eller permanent. Dersom du er i tvil om du skal søke er det berre å ta kontakt med oss.

**Kva bør søknaden innehalde?**

- Kven som søker, med kontaktinformasjon
- Kommune, gards- og bruksnummer
- Kartutsnitt/situasjonsplan som syner kor tiltaket vert plassert i farvatnet og dei nærliggande områda (må inkludere informasjon om GPS-posisjon)
- Skildring av tiltaket (med mål/dimensjonar) inkludert informasjon om merking og fortøyning m.m.,
- Tidshorisont (midlertidig/permanent).
- Arrangement i strandsona bør legge ved ein plan på korleis dei handterer tryggleiken både til arrangementet og andre farty i området, inkludert vakttelefon under heile arrangementet.

**Sakshandsamingsgebyr**
Bremanger hamn har vedteke føresegner om sakshandsamingsgebyr etter Lov om hamner og farvatn for tiltak som skal handsamast etter søknad. For 2020 gjeld følgjande:
*Enkle saker:* Saker med god og tydeleg informasjon med rask avklaring. Krev opptil tre arbeidstimar. Kr 2000 pr. søknad.
*Større saker:* Saker som krev ytterlegare handsaming pga kompleksitet, saker som er mangelfulle der informasjon må etterlysast, saker som krev synfaring. Krev over tre arbeidstimar. Kr 4000 pr. søknad.

**Nyttige hjelpemiddel for å utarbeide søknad**
Kystverket har utvikla eit godt kartsystem som heiter kystinfo.no. Her kan ein velje temalag og dermed finne grenser for hovud- og bilei, fiskeriplasser, eigendomsgrenser med gards- og bruksnummer, ankringsområder, kartkoordinatar og mykje meir. Ein kan også veksle mellom sjøkart, ECDIS-kart, satelittfoto, basiskart og fleire løysingar for kart. Dette er til god hjelp når ein skal utarbeide ein søknad om tiltak i sjø.
Ein kan også nytte dette notatet som ei sjekkliste på at ein har fått med seg dei viktigste punkta i ein søknad om tiltak i sjø.

Send søknad til: Postmottak.Bremanger.kommune@bremanger.kommune.no

**Notat for oversending av saker til handsaming etter hamne- og farvasslova**

***Tiltak i sjø som kan påverke tryggleiken eller tilflot (framkomelegheit) i eit sjøområde krev godkjenning, jamfør hamne- og farvasslova §27.***
*Døme på dette er bygging, graving, mudring, utfylling, utlegging av sjøkabel, utlegging av flytebrygger, utlegging av bøyer, båtrace og liknande arrangement i strandsona eller liknande. Tiltaket kan vere enten midlertidig eller permanent.*

| | |
|---|---|
| Kontaktinformasjon tiltakshavar | |
| Kommune/ gbnr tiltaket | |
| Skildring av tiltaket det vert søkt om (med mål/og dimensjoner) inkludert informasjon om merking og fortøyning m.m. | |
| Er tiltaket mellombels eller permanent | |
| Fakturamottakar med adresse | |

**Vedlegg:**

Kartutsnitt/situasjonsplan: Denne skal syne kor tiltaket vert plassert i farvatnet og dei nærliggande områda (må inkludere informasjon om GPS-posisjon).